KONKURRANSEGRUNNLAG

Open tilbodskonkurranse
etter forskrifta sin del I og II

for anskaffing av

Konsekvensutgreiing og ROS-analyse
av akvakultur i KPA

Saksnr.: 26/7941

1 GENERELL BESKRIVELSE 3
1.1 Oppdragsgivar 3
1.2 Anskaffinga sitt føremål og omfang 3
1.3 Kontraktsvilkår 3
1.4 Deltilbod 3
1.5 Viktige datoar 3
2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN 4
2.1 Anskaffingsprosedyre 4
2.2 Skatteattest 4
2.3 Offentlegheit og teieplikt 4
2.4 Vedståingsfrist 4
2.5 Oppdatering av konkurransegrunnlaget 4
2.6 Tilleggsopplysingar 5
3 KVALIFIKASJONSKRAV 5
3.1 Leverandøren sin organisatoriske og juridiske stilling 5
3.2 Leverandørens tekniske og faglige kvalifikasjoner 5
4 TILDELINGSKRITERIUM 6
4.1 Unntak klima- og miljøhensyn jf. FOA §7-9 (4) 6
5 EVALUERINGSMETODE 7
6 INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING 8
6.1 Elektronisk innlevering av tilbod 8
6.2 Elektronisk signatur 8
6.3 Tilbodsfrist 8
6.4 Utforminga av tilbodet 8
7 Vedlegg 9

1 GENERELL BESKRIVELSE

1.1 Oppdragsgivar

Opplysingar om oppdragsgivar sin kontaktperson kjem fram i oppdragsgivar sitt konkurransegjennomføringsverktøy (KGV).

All kommunikasjon med oppdragsgivar skal skje gjennom oppdragsgivar sitt KGV. Dette gjeld også spørsmål og svar.

1.2 Anskaffinga sitt føremål og omfang

Anskaffinga sitt føremål er å inngå kontrakt om kjøp av konsekvensutgreiing og ROS-analyse av akvakultur i kommuneplanen sin arealdel (KPA) for Bjørnafjorden kommune.

Fullstendig skildring av leveransen følger av kravspesifikasjonen, jf. Vedlegg 1A_SSA-O bilag, bilag 1.

1.3 Kontraktsvilkår

Avtaleforholdet regulerast av Statens standardavtale for konsulentoppdrag, Oppdragsavtalen (SSA-O).

1.4 Deltilbod

Det er ikkje høve til å gi tilbod på delar av oppdraget.

1.5 Viktige datoar

Oppdragsgivar har lagt opp til følgjande tidsramme for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	26.08.2026, kl. 12:00
Frist for å levere tilbod	02.09.2026, kl. 12:00
Tilbodet si vedståingsfrist	02.12.2026

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyre open tilbodskonkurranse jfr. FOA § 8-3.

Oppdragsgivar planlegg å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjere eventuelle avklaringar/korrigeringar.

Leverandøren blir på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt via meldingssystemet i KGV.

2.2 Skatteattest

Valde leverandør skal på førespurnad levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom valde leverandør er norsk.

Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månadar rekna frå den dato oppdragsgivar meddeler kven som har vunne kontrakten.

2.3 Offentlegheit og teieplikt

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentleg anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

2.4 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.5 ovanfor.

2.5 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, og spørsmål og svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga i KGV.

2.6 Tilleggsopplysingar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, kan han skriftleg be om tilleggsopplysingar hjå oppdragsgivar.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette vert formidla skriftleg til oppdragsgivar.

3 KVALIFIKASJONSKRAV

3.1 Leverandøren sin organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit foretaksregister, faglig register eller registrert i eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	• Norske selskaper: Firmaattest • Utenlandske selskaper: Godtgjering på at selskapet er registrert i foretaksregister, faglig register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

3.2 Leverandørens tekniske og faglige kvalifikasjoner

Krav	Dokumentasjonskrav
Kompetanse tilbydde konsulentar (nøkkelpersonell) Tilbydde konsulentar skal som minimum ha treårig relevant høgare utdanning frå universitet eller høgskule. Tilbydde konsulentar skal ha minst tre års erfaring med konsekvensutgreiingar og/eller ROS Til saman skal dei tilbydde konsulentane ha erfaring frå: • Minimum fem relevante oppdrag med ROS av akvakultur i KPA • Minimum fem relevante oppdrag med utarbeiding av konsekvensutgreiingar av akvakultur i KPA	• Utfylt CV-mal for tilbydde konsulentar med erfaring og utdanning, jf. bilag 2a i SSA-O bilag

Krav	Dokumentasjonskrav
Tilbydde konsulentar (nøkkelpersonell) skal nyttast i oppdraget	

4 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på følgjande kriterier:

Tildelingskriterium	Vekt	Dokumentasjonskrav
Pris • Under dette kriteriet blir pris vurdert	60 %	• Utfylt Vedlegg 1A_SSA-O bilag, bilag 5
Kvalitet – Oppdragsleiar (nøkkelperson) sin kompetanse • Under dette kriteriet vurderer vi: - Relevant utdanning - Erfaring innan konsekvensutgreiing og ROS-analyse av akvakultur i KPA <u>Minimumskrav:</u> Tilbydd konsulent (nøkkelperson) skal ha minst tre års erfaring med konsekvensutgreiingar og ROS	40 %	• Utfylt CV-mal for tilbydd oppdragsleiar med erfaring og utdanning, jf. bilag 2b i SSA-O bilag • Vitnemål

4.1 Unntak klima- og miljøhensyn jf. FOA §7-9 (4)

Arten av anskaffinga er konsulenttenester, det vil sei gjennomføring av kvantitative og kvalitative analyser, som typisk gjennomførast som skrivebordsarbeid og/eller observasjon (stadlege undersøkingar). Arbeidet kan omfatte noko, men typisk avgrensa reiseverksemd tilsvarande ein gjennomsnittleg fast tilsett. Hovudytinga er konsulenten sin arbeidsinnsats. Konsulentbistanden som ytast og den digital rapporten som skal produserast, medfører eit uvesentleg klimaavtrykk og ei uvesentleg miljøbelastning.

Bjørnafjorden kommune vil på bakgrunn av denne vurderinga nytte unntaksbestemminga i anskaffingsforskrifta sin § 7-9 femte ledd, då anskaffinga

etter sin art har eit klimaavtrykk og miljøbelastning som er uvesentleg. Bjørnafjorden kommune er difor unntatt forpliktingane om å vekte miljø 30% eller å prioritere miljø mellom dei tre høgast prioriterte tildelingskriteria.

Oppdragsgivar vil på bakgrunn av si vurdering nytte unntaksbestemminga i anskaffelsesforskriftens § 7-9 fjerde ledd.

5 EVALUERINGSMETODE

Alle tilboda vert gitt karakteren 0 – 10 for kvart tildelingskriterium. Den beste på kvart tildelingskriterium vil få karakteren 10.

Den tilbydar som har den lågaste prisen får karakteren 10. Dei andre tilboda får poeng etter følgjande formel:

$$10 - \frac{\text{Tilbodspris-Lågast pris}}{\text{Lågast pris}} \times 10 = \text{poeng (linær metode)}$$

For evaluering av kvalitet vil oppdragsgivar gje karakteren 10 til det beste tilbodet på tildelingskriteriet. Dei andre tilboda vil få karakter forholdmessig sett opp mot beste tilbod, jf. denne poengmodellen:

	Relativ modell (valgt modell)
Poeng	**Innhold**
10	Det beste tilbudet.
9-8	Tett opp mot det beste tilbudet, men med enkelte svakheter.
7-6	Svakere enn det beste tilbudet.
5-4	Mye svakere enn det beste tilbudet.
3-2	Svært mye svakere enn det beste tilbudet.
1	Såvidt oppfylt minimum for å oppnå karakter.
0	Tilbudets innhold er uakseptabelt, eller er ikke mulig å evaluere

6 INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING

6.1 Elektronisk innlevering av tilbod

Tilbodet skal i sin heilskap utformast på norsk, og leverast gjennom KGV. Eventuelle vedlegg skal lastast inn i KGV før innlevering. Tilbod som ikkje er levert via KGV vil verte avvist. Tilbodet skal vere bindande. Leverandøren har risiko for uklarheiter i tilbodet.

6.2 Elektronisk signatur

Vil tilrår leverandørane å nytte elektronisk signatur for å autentisere seg ved innlevering av tilbod. Elektronisk signatur kan bestillast på www.commfides.com, www.buypass.no eller www.bankid.no.

6.3 Tilbodsfrist

Frist for innlevering av tilbod går fram av framsida i KGV. Etter dette tidspunkt vert KGV-systemet stengt slik at det ikkje lenger vil vere mogeleg å levere tilbod. For seint innkomne tilbod vil verte avvist.

6.4 Utforminga av tilbodet

Leverandøren skal fylle ut og svare på alle punkt i konkurransedokumenta. Dokumentasjon skal lastes opp som pdf-filer dersom ikkje anna format er spesifisert. Prisark skal lastast opp som Excel-fil.

Dokument som skal fyllast ut og leverast med tilbodet er:

- Tilbodsframside – utfylt og signert (Vedlegg 2)
- Eigenerklæring teieplikt – utfylt og signert (Vedlegg 3)
- Dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrav (jf. pkt. 3)
    - 3.1 Firmaattest
    - 3.2 CV'ar på tilbydde konsulentar, jf. Vedlegg 1_A SSA-O bilag (utfylt CV-mal i bilag 2a)
- Dokumentasjon på tildelingskriterium (jf. pkt. 4)
    - Vedlegg 1_A SSA-O bilag (utfylt bilag 2b og 5)
    - Vitnemål
- Dokumentasjon på oppfylling av kravspesifikasjonen (jf. Bilag 1)
    - Vedlegg 1_A SSA-O bilag (utfylt bilag 2 (inklusive løysingsskildring) og 4).

7 Vedlegg

- Vedlegg 1_SSA-O Oppdragsavtalen (generell avtaletekst)
- Vedlegg 1_A SSA-O bilag
- Vedlegg 2_Tilbodsframside
- Vedlegg 3_Eigenerklæring teieplikt
- Planprogram for KPA 2027 2038 – 20.11.25
- Framdriftsplan KPA Bjørnafjorden Oppdatert august 2026
- konsekvensutgreiing, Risiko- og sårbarheitsanalyse (KU og ROS) – KDP akvakultur, 06.12.2018